



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/193-1

## **Uttale frå medverknadsorgana (FFE) til reglement i Vestland fylkeskommune**

**Fylkesrådet for eldre skriv i møte saman med dei andre medverknadsorgana i Sogn og Fjordane ein uttale, til reglementet for Vestland fylkeskommune**

### **Vedlegg:**

Reglement for fylkesrådet for eldre  
Reglement for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Reglement for ungdomspolitisk utval  
Reglement for Hordaland fylkeskommune

## **SAKSFRAMSTILLING**

Det vert jobba med eit nytt reglement for nye Vestland fylkeskommune. Det neste møte i fellesnemnda sitt arbeidsutval er 4. februar 2019.

I møte med medverknadsorgana i Sogn og Fjordane 15. januar 2019 er det ynskje om å få innspel frå medverknadsorgana på kva som er bra med dagens reglement i dei to fylka og kva som kan gjerast betre. Tilsvarande møte vil bli halde i Hordaland den 21. januar. Det er viktig at medverknadsorgana kjem med innspel i denne saka, i forkant av møte 4. februar.

Det vert vist til politisk sak PS 58/18 i møte til fellesnemnda den 19. desember 2018. I saka [Prosess for fastsetjing av reglement for folkevalde organ](#) står det m.a. følgjande:

*«**Januar 2018:** Administrasjonen inviterer og held felles møte med medverknadsorgana i Hordaland (fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommens fylkesting) og Sogn og Fjordane (fylkesrådet for eldre, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomspolitisk utval). I møte ønskjer ein innspel på kva som er bra med dagens reglement i respektive fylke og kva som kan forbetra st.»*

Administrasjonen vil samle inn og notere innspela frå medverknadsorgana. Det vil deretter bli utarbeida eit notat. Dette notatet vil bli innarbeida i ei politisk sak, som skal handsamast på møte i fellesnemnda sitt arbeidsutval 4. februar 2019.

Formålet med møte er å sikre innspel frå medverknadsorgana i forkant av saka som vert lagt fram for fellesnemnda sitt arbeidsutval den 4. februar.